



Sal av garn under ein tidlegare strikkekafe

Strikking er in for tida, det vart ikkje minst klårt sist veke då aktiviteten la beslag på ein TV-kanal. I kveld har uskedingar og andre sjansen til å praktisere det dei har lært. Uskedal Utvikling ved Jane Haaranes inviterer alle som har lyst til Gamleskulen klokka 18.

Men strikking er ikkje berre strikking, ein strikkekveld er også ei triveleg sosial samkome, eit lysglimt i kvardagen! Men kven vert den fyrste mannen som møter fram på ein strikkekveld i Uskedalen?